

NRK SOGN OG FJORDANE

PRESENTS

# L'ISOLA DI SKORPO

A FILM BY

TORJE BJELLAAS /  
ARVE UGLUM



OLE KRISTOFFER VÅGEN | ANJA STRUTTER I NILS RAINER  
VÅGEN | NIKOLAI VÅGEN

MUSIC BY INGE RONNY KVÅLE DIRECTED BY ARVE UGLUM DIRECTOR OF PHOTOGRAPHY

AND EDITED BY TORJE BJELLAAS PRODUCED BY NRK SOGN OG FJORDANE

RESEARCH BY SIGNY EIKA KLEMPÉ VOICE VALENTINA BAIOTTI

[HTTPS://VIMEO.COM/491294476](https://vimeo.com/491294476)

Filmlakaten frå filmfestivalen Procida i Italia.

**NRK programmet Der ingen skulle tru at nokon kunne bu frå Vågen på Skorpo vert synt på den italienske Procida Film Festival. Framsyninga var på tysdag i denne veka. Sendinga frå Skorpo er laga av Arve Uglum og Torje Bjellaas. Filmen har den italienske tittelen L`isola Di Skorpo, som tyder Øya Skorpo.**

Opptaka til programmet vart gjort 2017/2018. Fyrste sendinga var i september 2018. Seinare har episoden går i reprise fleire gonger. Programmet ligg også på NRK arkiv og kan hentast fram når ein ynskjer det.

TV teamet føl familien på Skorpo i det daglege livet, henta frå fleire årstider. På ei øy utan veg og bru til fastlandet er drifta krevjande. Ole Kristoffer Vågen driv med grasproduksjon og mjølk i tillegg til å vera fartybyggjar. Han dyrkar og utvidar arealet mot sjøen. Kona Anja Strüter og gutane Nils Rainer og Nikolai er med på det meste i gardsdrifta.

Filmfestivalen med L`isola Di Skorpo vart gjennomført i ei digital form.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Plakaten

Kjelde: Grenda/ Hordaland